



## Plass i Valle kulturskule 2020/2021

### Eleven kan søkje om undervising i følgjande instrument:

- ♫ Piano
- ♫ Song
- ♫ Gitar - klassisk og elektrisk
- ♫ Bassgitar
- ♫ Ukulele
- ♫ Fiolin
- ♫ Trommer
- ♫ Djembe
- ♫ Band
- ♫ Hardingfele
- ♫ Kveding
- ♫ Munnharpe
- ♫ Leikarring

Nedre adersgrense for å søkje ordinær elevplass i Valle kulturskule er 1.klasse. Eleven vil kunne få høve til å prøve seg fram på ulike instrument. Vi tek inn elevar frå vidaregåande skule, og dersom kapasitet, også vaksne.

Elektronisk søknad på [www.valle.kommune.no/kulturskulen](http://www.valle.kommune.no/kulturskulen).

Kva for tilbod som vil bli gitt avheng av etterspurnad, tilgjengelege lærarressursar og mogelege stillingssamansettingar.

Vi tek atterhald om endringar i tilbodet, og oppmodar derfor alle søkjarar om å fylle ut 2.val i søknadsskjemaet.

Dei som vil søkje på band i tillegg til hovudinstrument, må leggje dette inn som 2.val i søknadsskjemaet, og krysse av for at dei ønskjer undervising i begge faga.

**Søknadsfrist: 20. mai**

Dersom du har spørsmål kan du kontakte leiar kultur og fritid, Torunn Charlotte Nyberg, på [torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no](mailto:torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no), tlf. 970 61 587.

### Mål

1. Elevane skal oppleve meistring, utvikling og å bli sett, i møte med den enkelte lærar, medelevar og gjennom dei arrangement og aktivitetar kulturskulen står for
2. Opplæringa skal vere best mogeleg tilpassa den enkelte, samtidig som vi legg vekt på samspel, gruppedynamikk og fellesskap
3. Alle som søker skal få plass
4. Kulturskulen skal vere eit lokalt kompetanse- og ressurscenter
5. Kulturskulen skal vere ein utviklingsorientert og attraktiv arbeidsplass

*Kulturskulen er eit viktig tenestetilbod for unge innbyggjarar i Valle kommune. Lærarane sitt fokus er opplæring tilpassa den enkelte elev, speleglede og trivsel. Vi legg stor vekt på samspel. Våre lærarar har høg kompetanse innafor det dei underviser i.*

Litt om organisering:

Kulturskulen samarbeider gjerne med til dømes fritidsklubb og skule om kurs og aktivitetar. Vi har eit fast samarbeid med Bykle om UKM - Ung Kultur Møtast - som vi arrangerer kvart år.

Vi tek inn vaksne elevar dersom vi har ledige plassar.

- Undervisingsstad: Spelestoga
- To elevar kan få undervising samtidig, dersom vi meiner at dette vil vere eit godt tilbod for elevane det gjeld. Særleg ein del nybyrjaropplæring vil kunne bli gitt i par eller grupper.
- Noko tid blir sett av til samspel og prosjekt, og i periodar vil derfor undervisinga kunne bli periodesert og timeplanen endra.
- Det er pliktig oppmøte. Fråvær skal varslast. Kontinuitet er nødvendig for å få god kontakt mellom elev og lærar, og god fagleg utvikling.
- Plassen gjeld for eitt skuleår.
- Det er 50 % søskenrabatt. Dette gjeld ikkje for gruppetilbod.
- Kulturskulen er eit **opplæringstilbod**, først og fremst retta mot barn og unge. Men vi er avhengige av at foreldre og lokalsamfunnet støttar opp om aktivitetane våre.
- Kulturskulen er ein **ressurs** og eit **kompetansesenter** i lokalsamfunnet. Vi arrangerer eigne konsertar, UKM, opptre på bygdeheimen eit par gongar i løpet av året, på 17.mai og andre arrangement, og tek i tillegg andre typar oppdrag.
- Kulturskulen er også ein arbeidsplass, og lærarane førebur kvar einaste time, kvar veke, gjennom heile skuleåret. Ugrunna fråvær som ikkje er varsla kan føre til at eleven mistar plassen.